

Frå Minnesota for å finna plassen der oldefaren kom frå.

13.08.2018



Peggy og Berge Johnson saman med eit barnebarnet Anders samla på tunet til Ingun og Sigmund Myklebust på bruk 1. Berge, son til Jon Fjellandsbøle, kom frå bruk 2.

Peggy og Berge Johnson kom like frå Minnesota i USA for å finna plassen på Fjellandsbøle der oldefaren kom frå. Saman med eit barnebarn, Anders, har dei vore to veker på Rød, hos Anlaug Rød. Turen gjekk også til Hjelmeland i Ryfylke og like fram til bygda Fundingsland der oldefar til Peggy kom frå. Gjestene frå Minnesota kan sjå tilbake på minnerike dagar i Kvinnherad med dagsturar i område og i møte med norsk kultur.

Det er 15 år sidan ekteparet Johnson var i Uskedalen. Fjellandsbøle er høgdepunktet der det var synfaring og omvisning i husa til Ingun og Sigmund Myklebust. Oldefaren til Berge, med same namnet, kom rett nok frå bruk 2, bruket Jon Nilson Fjellandsbøle flytta til i 1842. Sonen Berge f. 1843 imigrerte til USA og slo seg til med familie i staten Minnesota. Broren Nils vart buande på Fjellandsbøle og fører slekta vidare der. Endre Harald Wang saman med systrene sine, Solveig og Laila, eig bruk 2 i dag.



Berge Johnson og barnebarnet Anders ved den gamle hestslåmaskinen på Fjellandsbøle i Uskedalen.

Berge Johnson er interessert i norsk folkemusikk og felespel. Anlaug er svært takksam for at Egil Vaage kom til Rød og fortalde om felespeltradisjonane i Noreg. Han hadde hardingfela med og det vart ei gild stund i den

gamle røykstova oppe på Indre Rød.

Peggy og Berge minnest Magnhild Myklebust då ho levde og budde på bruk 1 .For mange år sidan var onkel til Berge saman med to døtre på den same turen. Seinare har andre i slekta vore i Uskedalen. Det er såleis mest ein tradisjon at når nokon frå Johnson slekta er i Kvinnherad, må dei til Fjellandsbøle.

Turen til Hjelmeland i Ryfylke og Fundingsland var ei stor hending for Peggy. Dei fann garden og fekk møta fastbuande der.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Anlaug Helene Rød.



Familien Johnson er godt nøgd med det dei får sjå på Fjellandsbøle. Husa på bruk to vert restaurert i desse dagar.